



[Firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:Firmapost-vest@vegvesen.no)

15.06.18

## Høyringsuttale til planprogrammet for veg og bane Arna – Stanghelle

Stamvegutvalget, som har 3 fylkeskommunar og 16 kommunar langs E16 som medlemmer, har som mål at E16 snarast skal verta opprusta til best mogeleg standard på heile strekningen Oslo-Bergen.

Stamvegutvalget er i stor grad tilfreds med dei løysingane som prosjektgruppa frå Statens vegvesen og BaneNor legg fram for strekninga Arna – Stanghelle.

Stamvegutvalget er glad for at alternativet VC15 skal vera med i det vidare utgreiingsarbeidet fordi en ved dette alternativet kan få dei beste løysingane for:

1. Ei framtidig vegutviding frå 2 til 4 felt.
2. Mest mogleg areal for sentrumsutvikling rundt jernbanestasjonen, og soleis støtta opp om dei regionale planane for Bergensområdet for transport og arealbruk på ein god måte. Dette skapar gode vilkår for ei regionutviding austover frå Bergen.
3. Løysinga skapar minst behov for nye vegar lokalt.
4. VC15 byggjar opp om miljørett pendling, og kan vera med å skapa eit mest mogleg bilfritt sentrum i Bergen.

Strekninga Arna – Stanghelle skal løysast med statleg plan. Ein har og vald å gå rett på reguleringsplan. Stamvegutvalget er kjend med at dette har skapt ein del utfordringar i planarbeidet som vanlegvis finn sine løysingar i ein kommunedelplan. Me ber difor at ein kjem i gang med arbeidet med kommunedelplan for strekninga Stanghelle – Voss.

Me meiner at ein også her må leggja alternativ K5 i KVV for Arna – Voss til grunn for planarbeidet.

Med helsing

Stamvegutvalget  
*Vidar Eltun*  
V/Vidar Eltun  
(leiar)